

Møtereferat

Dato: 26.04.2023

Emne:	Synfaring: Omklassifisering av ein gamal del av fv. 5418 Bruvikvegen	
Til stades:	Frå Osterøy kommune: Roald Hovden og Andreas Sylta. Frå Vestland fylkeskommune: Mariann Kråkenes Jørgensen, Rune Ravndal Dyrkolbotn, Ole Kristian Græe og Marita Onarheim Rong.	
Forfall:		Sak: 2022/53615
Møtetid:	Ca. 10:00 - 15:30	Møtestad: Bruvikvegen

Rapport etter synfaring i forbindelse med omklassifisering av ein gamal del av fv. 5418 Bruvikvegen i Osterøy kommune

Den 26.04.2023 vart det gjennomført ei felles synfaring mellom Vestland fylkeskommune og Osterøy kommune. Denne rapporten tek for seg synfaringa av den gamle delen av fv. 5418 Bruvikvegen.

Føremålet med synfaringa var å sjå til at strekninga samsvarar med NA-rundskrivet. Synfaringa vart gjennomført til fots, og strekninga som denne saka omhandlar er fv. 5418 S1D10 m0-56.

Vurderingane er gjort ut frå NA-rundskriv 97/13 «Retningslinjer for tekniske krav til veg som omklassifiseres – ikraftttredelse av vegloven § 7».

Konklusjon etter synfaringa:

Det er ikkje naudsynt med reparasjonar etter NA-rundskriv 97/13 langs denne strekninga.

Under synfaringa vart kommunen og fylkeskommunen einig i at det likevel burde gjerast nokre mindre endringar ved strekninga som er vedtatt omklassifisert til kommunal veg med omsyn til trafikktryggleiken.




Kvar dei to punkta er

Punkt 1: Ved FV5418 S1D1 m14854

Uheldig hjørneavrundning ved avkøyring frå fylkesveg. Justere kantlinja/hjørneavrundninga slik at den følgjer vegen litt betre og samsvarar betre med utforminga i reguleringsplanen.

Drift hjå fylkeskommunen vil vurdere korleis dette best kan gjerast, og ta omsyn til den beste løysinga i forhold til overvasshandtering og utforminga som er vist i reguleringsplanen. Gamal kantoppmeriking bør fresast bort, og det bør etablerast ein slags refuge slik at det ikkje berre er kantstein der.



Utklipp frå reguleringsplanen med nasjonal arealplanid 4630_2004001

Telefon
05557

E-post
post@vlfk.no

Nettside
Vestlandfylke.no

EHF fakturaadr.
823111632

Organisasjonsnr.
821311632

Punkt 2: Ved FV5418 S1D1 m14808

Uheldig at det berre står eit skilt der traséen tidlegare var med bakgrunn i at det er mogleg å køyre via gamal trasé. Det vart kome fram til at det burde gjerast noko ved dette punktet slik at det vanskeleggjer køyring mellom ny og gamal trasé

På synfaringa vart det konkludert at ein burde etablere ein refuge ca. slik det er illustrert i bilete under. 512-skiltet bør stå innanfor dette arealet.

Vidare er det kome fram til at ein bør etablere eit slags fortau med nedsenka kantstein mellom ny og gamal trasé ved refugen. Breidda bør vere slik at det er mogleg å drifte det resterande arealet.



Eit par bilete frå synfaringa ved punkt 2:



trekke enden lengre inn. etablere refuge



fikse sånn at det ikke er mulig å kjøre gjennom.



fjerne gammel vegmerking

Telefon
05557

E-post
post@vlfk.no

Nettside
Vestlandfylke.no

EHF fakturaadr.
823111632

Organisasjonsnr.
821311632